

Terningkast fem til CO₂-avgifter

■ ■ Upopulære verkemiddel ■ ■ Best effekt

SOGNDAL: Av fire verkemiddel som kan gje auka bruk av fornybar energi gir forskar Kristin Linnerud CO₂-avgifter terningkast fem.

Høgskulelektor Kristin Linnerud var ein av dei som heldt føredrag på seminaret fornybar energi – det nye industrieventyret i Sogn og Fjordane? på Campus torsdag.

Frå eit forskar- og økonomisynspunkt tok Linnerud føre seg verkemiddel for å auka bruken av fornybar energi, og dei er ikkje dei som er mest populære. Linnerud meiner at CO₂-kvotar er det mest ideelle i teorien, men at det truleg ikkje fungerer optimalt i praksis.

Avgifter betre

– Ein skal leita med lykt og lupe for å finna ein økonom som støttar subsidiar og standarder. Det plukkar ut vinnarar, det reduserer prisen på energien, og skattebetalarane blir belasta. Men politikarane likar det, seier Linnerud.

Å setja standarder for produkta og prosessane, eller å gje subsidiar til bedriftene er to verkemiddel. Det tredje og fjerde er å prisa utsleppa, anten ved kvotar eller avgifter.

Kvotehandling er ideelt i teorien. Men ein har eit problem med høgt utsleppsvolum og med at kvotar blir delte ut gratis, seier Linnerud.

Ho peika også på utfordringar til



– **AVGIFTER ER BETRE:** Avgifter på CO₂ får terningkast fem av Kristin Linnerud, høgskulelektor ved HSF. (Alle foto: Tor Yttri)

inga med ustabile prisar og at Kyotoavtalen går ut i 2012. CO₂-avgifter meiner ho derimot er undervurdert og enkelt. Det reduserer utryggleiken for investorane, for ein kan setja seg langsiktige mål som reflekterer at avgifta aukar. Men slike avgifter er ifølgje Linnerud også det politisk vanskelegaste valet. I tillegg inneber det ingen overføringar til fattige land.

Linnerud var ikkje den einaste forskaren som hadde særns interessante føredrag på seminaret. Forskingsleiar ved Vestlandsforskning Erling Holden viste berekningar som tyder på kraftig auke i bruk av fornybar energi fram mot 2030. På verdsbasis er berre 13 prosent av energibruken i dag frå fornybar energi. Mesteparten er kjem frå fossilt brensel.

Terningkast

Det siste gir store klimagassutslepp, og med urovekkjande klimameldingar det siste året, er det blitt sett stor fokus på kor-

leis ein kan redusera utsleppa.

Linnerud sette like godt terningkast på dei ulike verkemidla. Subsidiar får terningkast 1, for det verkar konkurransevridande, og standarder får karakter 2 fordi det er lite fleksibelt. Kvotar får fire, medan avgifter får terningkast fem.

– Kvotar er optimalt i teorien, men eg er skeptisk til at det fungerer. Avgifter kan derimot fungera i praksis, seier Linnerud.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no



AKTUELT FOR FJORDVARME: Dagleg leiar i Fjordvarme, Magne Hjellevik, ser interessante likskapar mellom Eid og Sogndal. På Eid er det oppretta eit fjordvarmeanlegg.

– Sogndal eigna for fjordvarmeanlegg

SOGNDAL: – Ut i frå erfaringane våre på Eid, er det mykje som er likt i Sogndal.

Det seier dagleg leiar i Fjordvarme, Magne Hjellevik.

– Det skjer mykje her; det er utvikling, seier Hjellevik, som også peikar på at bygda har den store slakteritomta ved sjøen.

Han fortel at erfaringane frå anlegget på Eid er gode, der mellom anna Moengården, kommunebygg og sjukehuset brukar fjordvarmeenergi.

– Ein må gjera eit val - kva vil ein satsa på. Klarer fleire partar å samarbeida, kan ein få til eit så stort prosjekt, seier Hjellevik.

I det ligg det at både kommune og kraftselskap bør engasjera seg. Ifølgje Hjellevik kostar rundt 25 millionar kroner å oppretta eit slikt anlegg. I dag kan anlegget på Eid levera 18 GWh, noko som er 20 prosent av det samla energibehovet i bygda. Det vil spare miljøet for 6600 tonn CO₂. Hjellevik meiner også at Førde, Florø og Vågsøy er aktuelle for eit slikt anlegg. Fjordvarmeanlegget på Eid er det første i sitt slag i landet, og Hjellevik tykkjer brukarane er nøgde. Fjordvarme har også den fordel at det kan brukast til kjøling.

– Ein får rimeleg energi og godt innklima, seier Hjellevik.


På Eid var det kommunen som tok initiativet til det spennige prosjektet.

– Erfaringane er at det er mogleg å få til så store prosjekt sjølv om det ikkje er snakk om store tettstadar, seier Hjellevik.

Nytt forskningsprogram ved Høgskulen

Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning vil etablere og få finansiert eit ambisiøst fleirårig forskningsprogram, med sikte på at Sogn og Fjordane kan ta del i eit fornybar energi-eventyr. FoU-leiar Georg Arnestad peikar på at Sogn og Fjordane gjeikk klipp av oljeeventyret, truleg

fordi småskalafylket Sogn og Fjordane ikkje passa for oljeindustrien. Arnestad trur at fylket kan ta del i eit nytt energieventyr, fordi Sogn og Fjordane ikkje står tilbake for nokon når det gjeld kompetanse, røynsle og kapital i kraftsektoren.



Georg Arnestad